



Nordhordland industriservice as

Radøyvegen 715, 5938 Sæbøvågen – Tlf: 56 34 97 70 – Bank giro: 3636.19.20036 – www.nis-amb.no

MØTEPROTOKOLL

Frå generalforsamling i Nordhordland Industriservice a.s. 2014

Generalforsamlinga i Nordhordland Industriservice as blei halden i bedrifta sine lokale på Olsvollstranda. Varsel om tidspunkt for generalforsamlinga og innkalling med saksdokument blei sendt aksjeeigarane i samsvar med § 7 i vedtektene. Ingen av aksjeeigarane hadde meldt inn saker til generalforsamlinga.

Sak 1/2014: Val av møteleiar og referent og to personar til å skrive under protokollen. Registrering av møtande aksjeeigarar. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Møteleiar	Morgan Taule
Referent	Arve Vange
Til å skrive under protokollen	Eldbjørg Valle og Helge Dyrkolbotn

Vala var samrøystes.

Følgande aksjeeigarar møtte:

Lindås kommune	300 aksjar	v/ Eldbjørg Valle
Hordaland fylkeskommune	200 aksjar	v/ Sveinung Valle
Radøy kommune	131 aksjar	v/ Morgan Taule
Meland kommune	105 aksjar	v/ Ragnar Bratland
Austrheim kommune	77 aksjar	v/ Helge Dyrkolbotn
Frank Mohn Flatøy	50 aksjar	v/Svein Arne Dale
Fedje kommune	26 aksjar	v/ Anna Marit Storemark

Elles var følgande til stades på generalforsamlinga: Arve Vange frå administrasjonen.

Fullmaktene frå aksjeeigarane blei gjennomgått og godkjend. 889 av 1130 aksjar var representert, noko som utgjør 78,67 %.

Innkalling og saksliste blei godkjend.

Sak 2/2014: Godkjenning av årsmelding for 2013

Årsmelding ble gjennomgått. Revisormelding mangla i rapporten, denne blei skaffa fram.

Vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner årsmeldinga for Nordhordland Industriservice as for 2013 slik det blir lagt frem. Vedtaket var samrøystes.

Sak 3/2014: Godkjenning av rekneskap for 2013

Møteleiar orienterte om rekneskapen. Utfordingar er knytt til endringar vedrørande tiltak og uforutsigbarheit frå NAV. Det blei også orientert om at det er sett i verk tiltak for å få bedrifta i økonomisk balanse. Det blei gitt høve til spørsmål og kommentarar.

Vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen for Nordhordland Industriservice as for 2013. Vedtaket var samrøystes.

Sak 4/2014:

Val av styremedlemmer

Fire styremedlemmer stod på val. Valnemnda ved Nils Marton Aadland gjorde slikt framlegg;

Styreleiar	Morgan Taule	Attvald for 2 år
Nestleiar	Eldbjørg Valle	Attvald for 2 år
Styremedlem	Svein Arne Dale	Attvald for 2 år
Styremedlem	Helge Dyrkolbotn	Attvald for 2 år

Vedtak: Valet var samrøystes.

Nils Marton Aadland går ut av valnemnda. Generalforsamlinga ble oppmoda til å finne nytt medlem.

Forslag: Mona Haugland Hellesnes frå Hordaland fylkeskommune.

Vedtak:

Mona Haugland Hellesnes ble samrøystes vald.

Valnemnda har i 2014 vore samansett slik:

Nils Marton Aadland	Meland kommune
John Bauge	Radøy kommune
May Eva Sandvik	Lindås kommune

Sak 5/2014: Orientering om styret sine planar og årsbudsjett for 2014.

Dagleg leiar orienterte om budsjettet og at ein fram til og med mars 2014 ligg bak budsjett, men at verksemda i april har møtt budsjett. Bedrifta vert styrt mot budsjett og tiltak er sett i verk for å møte budsjettet.


Det blei også orientert om strategiarbeidet som er starta for å kunne møte dei utfordringane som attføringsbransjen står ovanfor. Det som var nemnd her er forenkling av tiltak og anbudsutsetjing av skjerma tiltak, som det ser ut til skal bli gjennomført utan Stortingsmelding. Det blei også orientert om NAV TIM Hordaland si gjennomgang av gjennomføring av tiltak, noko som har resultert i eit trekk av tiltaksplassar hos nokre av attføringsbedriftene.

Bransjeforeininga Attføringsbedriftene føl opp desse sakene.

Det blei gitt høve til spørsmål og kommentarar.

Protokoll frå generalforsamlinga er godkjend.


Eldbjørg Valle


Helge Dyrkolbotn